



## **VEDTEKTER FOR SFO I VÅGSØY KOMMUNE**

### **FØREMÅL**

Skulefritidsordninga i Vågsøy kommune er eit friviljug omsorg- og fritidstilbod til born i 1. til 4. klasse og born i grunnskulealder som har særskilde behov. SFO er eit tilbod om ein trygg stad å vere, der trivsel, leik og utfordringar er ei ramme rundt ei positiv fritid. SFO skal hjelpe borna til å utvikle toleranse og omsorg for andre. SFO byggjer verksemda si på skulen sine etiske verdiar.

### **EIGARTILHØVE**

Vågsøy kommune er eigar av dei kommunale skulefritidsordningane.

### **OPPTAKSMYNDE**

Rektor gjennomfører opptak.

Samarbeidsutvalet vert orientert om opptaket.

Vedtak om opptak kan klagast etter Forvaltningslova § 28. Klageinstans er oppvekst- og kulturutvalet.

### **FORELDREBETALING**

Det blir gitt tilbod om slike plassar:

- Redusert plass: inntil 10t/v
- Heil plass: Meir enn 10 t/v
- Kjøp av tilfeldige einskilddagar

Den einskilde skule fordelar timane på dagen. Det er i særlege høve muleg å kjøpe einskilddagar i SFO. Søskenmoderasjon 30%, gjeld ikkje ved kjøp av einskilddagar.

Kommunestyret fastset i årleg reglement for gebyr og betalingsattsar, betalingsattsane for foreldrebetaling. Kommunale betalingsvilkår gjeld for foreldrebetalinga.

Intensjonen med tilbodet om kjøp av einskilddagar er å løyse behov for sikker oppfølging av borna. Det kan ikkje kjøpast faste einskilddagar. Det kan maksimalt kjøpast tre einskilddagar pr månad, og inntil 10 dagar i eitt skuleår. Ordninga med kjøp av tilfeldig einskilddagar trer i kraft 01.08.2012.

### **KRITERIUM FOR OPPTAK**

Elevar i 1.-4. klasse og born med særskilde behov i 5. -7. klasse har rett til å søkje opptak.

Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til, avgjer rektor etter desse kriteria:

1. Born med særskilde behov
2. Barn av utarbeidande foreldre/føresette
3. Yngre born føre eldre born

## **OPPTAK OG OPPSEIING AV PLOSS**

Hovudopptaket er frå skulestart, og gjeld for eitt skuleår. Born kan takast opp i SFO gjennom heile skuleåret. Opptaket gjeld då ut skuleåret. Plassen er bindande for kvart halvår. Plassen for 2. halvår kan seiast opp **innan 15.november**. Det kan søkjast om unnatak frå desse reglane.

## **FORELDREBETALING**

Kommunestyret fastset betalingsattsane for foreldrebetaling. Kommunale betalingsvilkår gjeld for foreldrebetalinga.

## **LEIKE- OG OPPHALDSAREAL**

Skulefritidsordninga må ha leike- og opphaldsareal eigna aldersgruppa og aktivitetane i SFO. Innvendig areal skal vere minst 3 m<sup>2</sup> pr. born, og arealet ute skal vere minst 18 m<sup>2</sup> pr. born.

## **DAGLEG OPPHALDS- OG OPNINGSTID**

Dagleg opningstid skal vere mellom 07.45 og 16.15. Den årlege opningstida følgjer skuleruta. Dersom det er skulefritidsordningar som held ope utanom skuleruta, skal alle brukarar informerast om dette. Det vil vere eigne betalingsattsar for opningstider utanom skuleruta.

## **LEIING OG BEMANNING**

Det må vere minst 10 born i skulefritidsordninga for at denne skal bli oppretthaldd. Rådmannen kan gi dispensasjon for at det kan vere færre born.

Rettleiande norm for bemanning i SFO.

<b>BORN</b>	<b>ÅRSVERK</b>
10-15	0,65
16-25	1,00
26-35	1,50
36-45	2,00
46-55	2,50
56-59	2,85

Vedtektene er godkjende i Oppvekst- og kulturutvalet, dato: 02.06.2015.  
Saksnr: 15/658. OK-sak 016/15.